

## Møtereferat 16

### Komitéen for nytt kommunenamn og heraldikk

Møtestad: Smia, Grodås

Tid: måndag 12.02. kl 19.00 – 121.00

Til stades:

Siv Madeleine Kristensen

Rolf Taraldset

Odd A. Folkestad

Jon Tvinnereim

Forfall: Kari Hasle

1. Innkalling til møtet og referat frå førre møtet, 11.01.18, vart godkjende
2. **Vidare arbeid med nytt kommunevåpen og ny ordførarkjede for Nye Volda.**
  - a. Leiaren viste til vedtak og saksdokument i sak 4/18 i Fellesnemnda 1.02.18.
  - b. Leiaren orienterte om telefonsamtale han hadde med Stig Olav Lødemel 9.02.
  - c. Odd A. Folkestad gjorde nærare greie for handsaminga av sak 4/18 i Fellesnemnda
3. Etter ei drøfting av kva Heraldikknemnda no bør gjere i det vidare arbeidet med nytt kommunevåpen for Nye Volda, vart det semje om å be Arvid Sveen om å lage forslag til justering av forslag nr. 28 (vinnar av den utlyste konkurransen.) Jamfør Heraldikknemnda sin konklusjon og tilråding i overleveringsbrev til Fellesnemnda 16.11.17. (Merk: Arvid Sveen vurderte på oppmoding frå Heraldikknemnda tre aktuelle alternativ til nytt kommunevåpen for Nye Volda i november 2017. Vedlegg)
4. Leiaren fekk i oppdrag straks å kontakte Arvid Sveen og be han ta på seg å lage forslag til justering som nemnt i pkt.3.
5. **Nemnda drøfta framdriftsplan for vidare arbeid med kommunevåpen og ordførarkjede.** Det var semje om følgjande plan, med atterhald om uforutsette forseinkande omstende:
6.
  - a. Før møtet i Fellesnemnda 19. april 2018 leverer Heraldikknemnda endeleg forslag til nytt kommunevåpen for Nye Volda.
  - b. Før møtet i Fellesnemnda 21. juni 2018 leverer Heraldikknemnda forslag til val av motiv for medaljongane i den nye ordførarkjeda for Nye Volda.
  - c. Før møtet i Fellesnemnda 6. september 2018 leverer Heraldikknemnda ferdig forslag til ordførarkjede for Nye Volda.
  - d. Heraldikknemnda tek sikte på å overlevere ferdiglaga ordførarkjede til Volda kommune tidleg på hausten 2019 etter nærare avtale med Fellesnemnda.

Referent

Jon Tvinnereim

Vedlegg:

## **Vurdering frå Arvid Sveen av tre forslag til kommunevåpen for nye Volda.**

På oppmoding frå leiaren i Heraldikkomiteen, Jon Tvinnereim, gav Arvid Sveen i Tromsø 14.11.2017 denne vurderinga av tre tilsende, aktuelle forslag til kommunevåpen for nye Volda. Det er i komiteen si registrering av dei innkomne forslaga: forslag nr 28, nr 23 og 18c.

Arvid Sveen har sidan 1976 teikna meir enn 50 kommune- og fylkesvåpen.

Arvid Sveens vurderingar og konklusjonar som kom til Jon Tvinnereim som e-post sist natt (14.–15.11.):

### **«Pennesplitt med et ljåblad på hver side**

Etter tradisjonelle heraldiske regler for norske kommunevåpen har det ikke vært tillatt med to forskjellige motiv i ett våpen. Men under forutsetning av at regelverket her er endret slik at to motiv kan brukes, så synes jeg at dette er det beste utkastet. Det tar godt vare på tradisjonen fra de to tidligere kommunale våpen. En mulig problemstilling kan være den store forskjellen i målestokk, med små ljåblad eller en kjempestor pennesplitt, og dermed forståelsen av hva de to tegnede gjenstandene faktisk er. Tegneren bør kanskje jobbe litt mer med ljåbladens form i forhold til skjoldformatet, men så langt synes jeg kanskje det mest stiliserte ljåparet er det beste (med spisst ljåblad). Jeg har ingen ljå å sammenligne med her og nå, men ljåbladene må heller ikke sette pennesplitten i en slags parantes. Samtidig er både pennesplitt og ljåblad gode heraldiske motiv.

### **Pennesplitt og tre ljåblad bak**

Dette forslaget vil jeg fraråde da figurene ikke lenger er en flat-tegning, men snarere et slags perspektiv der pennesplitt er foran og ljåbladene bak. På avstand får denne sammensatte figuren et annet uttrykk og som nesten kan likne en slags krabbende bille.

### **Ambolt**

Dere kjenner selvfølgelig til at Trøgstad i Østfold har sølv ambolt på blå bunn, og at Hol i Buskerud har tre sølv ambolter på blå bunn. At to kommuner allerede bruker motivet synes

kanskje som en god nok grunn til ikke å velge ambolten. Om ambolten likevel skulle velges, ville jeg valgt mer forskjellig farge og metall enn for de andre som er i bruk, for eksempel svart ambolt på gul bunn, eller omvendt gull ambolt på svart bunn, for ambolten er fint tegna!

Jeg ville heller ikke være ulykkelig om den nye kommunen valgte ett av de to våpnene som har vært brukt til nå, men jeg forstår godt ønsket om et samlende motiv i målet om at to nå skal bli til en.

Mer har jeg ikke å si så kort tid i natten, men jeg ønsker lykke til i det videre arbeidet med våpenet.»